

# RAPPORT

## Reinli stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne samanhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



## Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Bygningshistorie	4
Ombygging og restaureringshistorie	4
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	5
Vedtaksprosess og tiltak	5
Støpul	5
Murar	6
Tak	7
Samandrag	8
Litteratur og kjelder	9
Fotnotar	9

### Reinli stavkyrkje

Dokumentasjon av  
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016  
[www.ra.no](http://www.ra.no)

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med  
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med  
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til  
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale  
kan medføre erstatningskrav og inndraging  
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:  
Dagfinn Rasmussen. Riksantikvaren

# Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

## **KYRKJEKUNST**

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

## **LOKAL MEDVIRING**

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

## **BRANNSIKRING**

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



**Stavkyrkjeprogrammet:** Kyrkja etter istandsetting. Foto: Dagfinn Rasmussen, Riksantikvarens arkiv.

# Reinli stavkyrkje

## BYGNINGSBESKRIVING

Reinli stavkyrkje har eit enkelt rektangulært skip utan frittstående stavar og eit kortare kor avslutta med apsis i full bredde, omslutta av ei lukka svalgang. I alt har kyrkja seks portalar dekorert med halvsøyler og pilastrar. Reinli stavkyrkje er ei einskipa stavkyrkje og ligg i bygda Reinli i Sør-Aurdal kommune i Oppland. Stavkyrkja er datert til etter 1326. Under ei arkeologisk utgraving under

kyrkjegolvet er det funne spor etter det som kan være to tidligare kyrkjer. Kyrkja er den einaste av stavkyrkjene som har vore bygd med skip og kor i same breidde som ei so kalla langkyrkje, og er ei av de best bevarte stavkyrkjene våre. Kyrkja er utan heva midtrom og utan den rike skurden som kjenneteiknar dei andre bevara kyrkjene i Valdres. Den har i alt seks portalar, tre i svalgangen og tre i sjølve kyrkja.

## BYGNINGSHISTORIE

Dei eldste myntane, som vart funne i grunnen under kyrkja i samband med ei arkeologisk undersøking i 1971-72, var frå Håkon Håkonsson si tid (1217-63). Det vart og funne eit

brannlag som vart sett i samheng med ei tidlegare kyrkje på same stad. Sjølve kyrkjestaden er fyrste gong nemnd i oversikta over norske kyrkjebygg som paven sine utsendingar laga i 1327. Dendrokronologiske prøver frå delar av den ståande bygningen viser at dei er felt i perioden 1323-26. Reinli stavkyrkje kan difor ha vore relativt nybygd då utsendingane kom på vitjing.

## OMBYGGING- OG RESTAURERINGS Historie

Kyrkja er vel bevart, utan ombyggingar og påbygg frå tida etter reformasjonen. Kyrkja var truleg tekka med spon, men fekk skifertak på 1800-talet. I 1880-åra



**Stavkyrkjeprogrammet:** Kyrkja etter istandsetting. Foto: Dagfinn Rasmussen, Riksantikvarens arkiv.

fekk kyrkja mønekammar og utskorne vindskier, kopiert frå austgavlen til Hopperstad stavkyrkje, samstundes som det vart sett inn vindauge i veggane over svalgangen. Innvendig i kyrkja har det derimot vore større endringar, då berre altertavla og døypefonten er att av mellomalderen sitt inventar.<sup>1</sup>

#### **TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET**

Ved synfaring av kyrkja vart det oppdaga omfattande røteskader i taket på kyrkja.<sup>2</sup> Skiferen på taket var i delvis dårleg stand, mykje grunna kraftig mosevekst på takflatene. Konsekvensen av moseveksten har vore lekkasjar i taket. Vidare fekk støpulen ved Reinli ved synfaring påvist

røteskader i fleire delar av konstruksjonen. Utover dette hadde kyrkjegardsmuren/forstøtningsmuren ved kyrkja behov for utbetring.

#### **VEDTAKSPROSESS OG TILTAK**

##### **STØPUL**

Støpulen ved Reinli fekk ved synfaring påvist røteskader i fleire delar av konstruksjonen. Riksantikvaren såg det som naudsynt å gjennomføre ei utbetring av støpulen då nokre av skadande har vore reparert tidlegare, men ikkje i ei tilfredstillande grad. Stavane nordaust og nordvest i støpulen hadde røteskader i nedre del av staven, medan det samstundes var noko røteskade i

toppen av to av stavane. Svillen, som har vorte reparert tidlegare, har ein reparasjon som bestod av plank som var spikra på utsida av svilla. Taktro hadde skadar etter lekkasje, men taket var ved synfaring framleis tett. Derimot låg skiferen dårleg på taket. I tillegg hadde tømmeret i andre høgda av støpulen ein mindre røteskade i sørvestre hjørne, samt at den doble stavlegja i sør var kraftig røteskadd i sørvestre hjørne.

For å betre situasjonen rundt grunnen på støpulen vart det fjerna noko masse i terrenget rundt støpulen for å hindre vidare funktskader i svill og stavar. Vidare vart tidlegare reparasjonar av svill og stavar demontert for å vurdere deira



**Kyrkjegardsporten:** Utsifting av røteskadde bygningsdelar. Foto: Flavio Carniel, Riksantikvarens arkiv.

tilstand. Vurderingar viste at det var naudsynt å lage nye spunsar til stavane samstundes som svill måtte skiftast/spunsast. Ein tok av av skifer over skadde tro og bytte tre bord før ein la skiferen tilbake. Røteskaden i sørvestre hjørne vart utbetra ved at ein fjerna røte inntil frisk ved og samstundes drenerte området rundt skaden. Skadane i sydvestre stavelegje vart spunsa for å oppnå tilstrekkeleg bering, i tillegg til ein spuns i staven.<sup>3</sup>

### **MURAR**

Søndre kyrkjegardsmur er ein tørrmura forstøtningsmur som utgjer avgrensninga av det indre kyrkegardsområdet mot sør og toppen står berre nokre desimeter over kyrkjegardsområdet innanfor. Kyrkjegarden er i seinare tid utvida med eit område i eit lågare plan mot sør. Vestre kyrkjegardsmur representerar ei utviding av hele kirkegården, gjort etter 1882. I austenden er

søndre kyrkjegardsmur noko bøygd innover mot nord og endar ved eit enkelt steintrappanlegg som går nedover mot den nedre kyrkjegardsdelen og mot vegen nedanfor. Ved synfaring vart det tydeleg at skadeomfanget var svert omfattande og varierende. Jordmassar i bakkant av muren medførte utgliding av steinar, slik at delar av den tørrmurte steinmuren sør for kyrkja alt hadde glidd ut. Difor vedtok Riksantikvaren at store deler av denne muren skulle demonterast og settast opp igjen. Før den vart sett opp på nytt vart det lagt dreneringsrøyr og noko ny drenerande masse. Arbeidet vart utført i fleire omgangar ved at parti på 2-4m vert tekne ned om gongen. Muren er om lag 0,4-0,5m brei og graver ligg tett bakom steinmuren, difor vart det i stor grad nytta handkraft for å ikkje kome i konflikt med freda materiale. NIKU hadde oppdraget med å gjennomføre innleiande arkeologiske undersøkingar og å lage eit opplegg for sikring av funn i samband med arbeidet med muren.<sup>4</sup> Utover arbeidet med forstøtningsmuren vart grunnmuren under kyrkja utbetra.



**Apsid:** Reingjort og utbetra takflate. Foto: Flavio Carniel, Riksantikvarens arkiv.

## TAK

Skifertaket på kyrkja var kraftig prega av mosevekts, då særskilt på den nordvende takflata av kyrkja. Takflater som ligg mot nord har betre vekstvilkår for mose, då dei vert lite utsett for direkte sollyss. Moseveksten fører til dårleg steinkvalitet, mykje grunna fukt som sprenger steinen ved temperaturendringar rundt frysepunktet. For å hindre vidare slitasje på taket vart alle takflater mot nord reingjort. Takflatene vart fyrst fukta med vatn. Deretter vart dei forsiktig skrapa med plast og stålsjarkel. Delar av mosen hadde fått godt

feste til lappsteinen og måtte difor skrubbast med skurebørste. Til slutt vart taka spylt.<sup>5</sup> Vidare var det naudsynt med ei utbetring av sjølv skifertaket på dei nordvende takflatene til skipet og tårnet. På desse takflatene vart både øydelagde og manglande skiferstein erstatta. Desse manglane hadde leidd til røteskade i taket. For å unngå større skadar på konstruksjonen i kyrkja vart det difor demontert stein og skift røteskadd material i takkonstruksjonen. Mellom anna vart takbord, framkantbord og lekter bytt før skiferstein, både ny og gamal, vart montert.

Fleire av kilrennene i taket til kyrkja var prega av røteskade, hol i sinkbeslag og rust. Det var difor naudsynt med eit større tiltak for å utbetre desse tilhøva. Tiltak var naudsynt i kilrenna til apsisen mot nord og apsistaket sin sval, kilrenne nummer tre frå aust på svalgangstaket mot syd, samt dei to kilrennene på den fyrste arka frå aust på svalgangstaket mot syd. I tillegg vart kilrennene på portalen og våpenhuset sitt tak mot syd utbetra. Stokkane i kilrennene vart spunsa eller skift der dette var naudsynt. Røteskadde takbord vart skift, i likskap med

vindskier og framkantbord. Sinkbeslag i dårleg stand vart skift og skiferstein vart betre montert. I alle høve vart material av tettvokse malmfuru nytta til arbeidet.<sup>6</sup>

Ved avdekking av dei underliggande konstruksjonar vart delane av kyrkja, som elles er skjulte, dokumentert.<sup>7</sup> Dette var særskilt høve ved arbeidet med svalgangstaket mot nord. Svalgangstaket mot nord hadde behov for utbetring. Her var svalgangen prega av sprekkdanningar, røteskade og skeivheit som fylgje av sprukne og knekte underliggande konstruksjonar. Skifersteinen på taket vart demontert. Deretter vart naudsynte arbeid med utskifting, spunsing og retting av den underliggande konstruksjonen gjennomført. Den øvre festebjelken og sperrene vart demontert. Den øvre festebjelken og stavlegja vart spunsu før ein monterte sperrene att. Strekkbjelken i svalen vart jekka inn og det vart montert ny låseplugg. Takbord som var i dårleg stand vart skift. Dei nye takborda vart sprettelja og høvla. Etter montering vart skifersteinar lagt attende på taket.

I samband med takarbeidet var NIKU engasjert for å fylgje arbeidet og å nytte høvet til å studere avdekka bygningsdelar.<sup>8</sup> Mellom anna vart det dokumentert vindaugsgluggar i ytterveggen til skipet. Gamle konstruksjonsmaterial som vart bytta ut vart merka og lagra.<sup>9</sup>

## KYRKJEKUNST

I samband med stavkyrkjeprogrammet vart det vedteke å gjennomføre ei rekke behandlingar av inventarstykkjer i Reinli stavkyrkje. Dei viktigaste tiltaka var konsolideringa av preikestolen og altertavla i kyrkja, samt innhenting av antependiet for behandling hjå tekstilkonservator. Dei måla blomsterfelta på preikestolen hadde noko laus måling og enkelte avskalingar der det var mogleg å sjå eit underliggande målingslag. Den lause målinga vart konsolidert. Altertavla hadde store oppskalingar og vart konsolidert og retusjert.<sup>10</sup>

## SAMANDRAG

Reinli stavkyrkje er datert til tidleg på 1300-talet. Som ved fleire andre kyrkjestader er det funne spor etter tidlegare kyrkjebygg på staden. Kyrkja er den einaste av stavkyrkjene som har vore bygd med skip og kor i same breidde, som ei såkalla langkyrkje, og er samstundes av dei best bevarte kyrkjene. Den har i alt seks portalar, tre i svalgangen og tre i sjølve kyrkja. Gjennom stavkyrkjeprogrammet vart kyrkja sett i stand i perioden 2007-2009. I kyrkja vart det gjort store utbetringar på taket etter at det var oppdaga omfattande røteskader. Skiferen er skifta ut eller supplert, og røteskader er utbetra. Kyrkjegardsmuren hadde rast ut, og er plukka ned og sett opp på nytt. Også grunnmuren under kyrkja er sett i stand. Støpulen, som er en

kombinasjon av stav- og laftekonstruksjon, er utbetra etter store røteskader. I 2007 vart kyrkjekunsten restaurert. Altertavla og preikestolen vart konsolidert og antependiet i stavkyrkja vart behandla av tekstilkonservator.



## LITTERATUR OG KJELDER

### LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005.

### RAPPORTAR

Devold, Ellen. *Befaring Reinli stavkirke 2. oktober 2006 stavkirkeprogrammet*, 2006.

Devold, Ellen. *Stavkirkeprogrammet 2001-2015, «-Hva har skjedd så langt?»*, 2008.

Johansen, Øyvind. *Rapport støpul ved Reinli stavkirke*, 2006.

Marthinsen, Espen. *Befaringsnotat kirkegårdsmur, Reinli stavkirke*, 13.10.2005

Molaug, Petter B. *NIKU Rapport Arkeologiske utgravninger nr. 61 Reinli stavkirke, Sør-Aurdal, Valdres. Støttemur til kirkegård, Konsulentarbeid stavkirkeprosjektet*, 2007.

Stein, Mille. *NIKU Rapport Kunst og inventar 38/2007, Stavkirker. Reinli, Hegge, Lomen, Torpo. Behandling av inventarstykker*, 2007.

Stein, Mille. *NIKU Befaringsrapport 15- 16.01.2007*, 2007

Storsletten, Ola. *NIKU Rapport Bygninger og omgivelser 18/2008, «Nye spor og nye ord» Videre undersøkelser av takene på Reinli stavkirke*, 2008.

Storsletten, Ola. *NIKU Rapport Bygninger og omgivelser 47/2007, «Takene taler», Undersøkelser av takene på Reinli stavkirke*, 2007.

Tvenge, Terje. *Arbeidsrapport takarbeider Reinli stavkyrkje*, 2009.

Tvenge, Terje. *Dagsrapport Reinli stavkyrkje*, 2007.

Tvenge, Terje. *Dagsrapport Reinli stavkyrkje*, 2008.

Tvenge, Terje. *Dagsrapport Reinli stavkyrkje*, 2009.

Tvenge, Terje. *Notata og skisser frå Reinli stavkyrkje*, 2007.

Tvenge, Terje. *Notata og skisser frå Reinli stavkyrkje*, 2008.

**Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.**

### FOTNOTAR

<sup>1</sup> Leif Anker. De n s. s.246.

<sup>2</sup> Devold, Ellen. *Befaring Reinli stavkirke 2. oktober 2006 stavkirkeprogrammet*, 2006.

<sup>3</sup> Johansen, Øyvind. *Rapport støpul ved Reinli stavkirke*, 2006.

<sup>4</sup> Molaug, Petter B. *NIKU Rapport Arkeologiske utgravninger nr. 61 Reinli stavkirke, Sør-Aurdal, Valdres. Støttemur til kirkegård, Konsulentarbeid stavkirkeprosjektet*, 2007.

<sup>5</sup> Tvenge, Terje. *Arbeidsrapport takarbeider Reinli stavkyrkje*, 2009.

<sup>6</sup> Ibid.

<sup>7</sup> Storsletten, Ola. *NIKU Rapport Bygninger og omgivelser 47/2007, «Takene taler», Undersøkelser av takene på Reinli stavkirke*, 2007.

<sup>8</sup> Storsletten, Ola. *NIKU Rapport Bygninger og omgivelser 18/2008, «Nye spor og nye ord» Videre undersøkelser av takene på Reinli stavkirke*, 2008.

<sup>9</sup> Tvenge, Terje. *Arbeidsrapport takarbeider Reinli stavkyrkje*, 2009.

<sup>10</sup> Stein, Mille. *NIKU Rapport Kunst og inventar 38/2007, Stavkirker. Reinli, Hegge, Lomen,*

---

Torpo. *Behandling av inventarstykker*, 2007.

